



Finansutvalet, møte 24.september 2014

Budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 Arbeidsdokument 4/14

Fylkesrådmannen vil innleiingsvis minne om at det no vert ført ordinær møteprotokoll frå finansutvalsmøta. Protokollen erstattar det faste oppsummeringspunktet innleiingsvis i dei tidlegare arbeidsdokumenta. Den offentlege møteprotokollen frå finansutvalet 18.06.2014 følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 1.

Hovudpunkta i dette arbeidsdokumentet er:

- Framlegg til investeringsprogram og tilhøyrande finansieringsplan for 2015-18.
- Framlegg til justeringar i driftsbudsjettet som følgje av nye føresetnader.
- Hovudutvala sine innspel til finansutvalet for budsjettåra 2015/16.
- Presentasjon av forvaltnings- og tannhelsesektoren sine tilsvarende innspel (har ikkje eigne hovudutval).

Avslutningsvis viser fylkesrådmannen eit samla oversyn over budsjettstoda før framlegget til statsbudsjett (som i år kjem 8. oktober).

1 INVESTERINGSBUDSJETTET

I dette punktet vil fylkesrådmannen presentere framlegg til investeringsprogram for bygg- og veginvesteringar for perioden 2015-18. Programma tilsvarende gjeldande investeringsprogram justert for:

- framlegg til tertialrapport 2/14 (inkl. nytt prosjekt – eigenkapitalinnskot KLP)
- finansutvalet sine konklusjonar i møtet 18.06
- ny tilråding frå fylkesrådmannen i høve fellesmagasinet for musea.

Åra 2016-18 vil naturleg måtte vurderast på nytt i samband med økonomiplanarbeidet våren 2015.

1.1 Bygginvesteringar

Endringar som følgje av framlegg til tertialrapport 2/14

Forskyving i investeringsprosjekt – forskyvd låneopptak

Fylkesrådmannen tilrår gjennom denne saka å redusere investeringsbudsjettet for bygg med 65,6 mill. kr og for fylkesveg med 16,1 mill. kr i 2014. Reduksjonane kjem som følgje av ein kritisk gjennomgang av lånebehovet i inneverande år for å sikre at låneopptaket i 2014 så godt det let seg gjere er tilpassa faktisk behov i 2014. Reduksjonane representerer i hovudsak ei



forskyving av løyvingar til seinare år, men all forskyving av låneopptak fram i tid vil gje reduserte kapitalutgifter og slik sett salderingsvinstar på kort sikt.

Vidare har fylkesrådmannen tilrådd at frigjorte driftsmidlar på 4,5 mill. kr vert nytta som finansieringskjelde på investeringsbudsjettet.

Dette betyr alt i alt at samla låneopptak knytt til veginvesteringane kan reduserast med 20,6 mill. kr og låneopptaket til bygginvesteringar kan reduserast med 52,1 mill. kr i 2014.

Forskyvingane i framdrift på investeringsprosjekt er innarbeidd i dei respektive framlegga til investerings- og finansieringsprogram.

Eigenkapitalinnskot Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

For budsjettet i 2014 vart eigenkapitalinnskotet lagt inn i investeringsplanen i Tertialrapport 2/14. Som medeigar i KLP er det naturleg at fylkeskommunen årleg må vere å betale innskot for å oppretthalde ein tilstrekkeleg eigenkapital. Fylkesrådmannen tilrår difor at eigenkapitalinnskotet vert lagt inn som ei årleg investering, med ei ramme på 2 mill. kr. Rekneskapsmessig er dette ei investering i aksjar, og vi kan såleis ikkje lånefinansiere innskotet. Det er lagt opp til at det vert nytta driftsmidlar i investeringsplanen på 2 mill. kr årleg for å løyse finansieringa. Konsekvensen av dette er at vi tek driftsmidlar som inngår som finansiering av andre investeringsprosjekt, og vi må difor auke låneopptaket med 2 mill. kr årleg samla sett.

Tilråding

Årleg kapitalinnskot til KLP på 2 mill. kr vert innarbeidd i investeringsplanen for åra 2015-18. Investeringa vert finansiert med eksisterande driftsmidlar til investering. Investeringa medfører eit årleg auka låneopptak 2 mill. kr for investeringsporteføljen elles.

Endra tilråding i høve fellesmagasin for musea

Finansutvalet slutta seg i a.dok 3/14 til at innarbeidd løyving til fellesmagasin for musea vart teken ut. Dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen er store, og gjer det ekstra utfordrande å finne rom for investeringar i den storleik det her er snakk om.

Sjølv om utsiktene er vanskelege, ser fylkesrådmannen at musea har utfordringar i høve magasin kapasiteten. Så lenge magasinutfordringa ikkje er løyst, vil musea ikkje komme vidare i si samlingsforvaltning. Eit fellesmagasin har vore føresetnaden mellom anna ved bygging av kunstmuseet i Førde. Det har også lagt som ein føresetnad at Sunnfjord Museum sine utfordringar (magasin, formidlingsareal, arbeidsplassar) skulle sjåast i samanheng med realiseringa av eit mogleg fellesmagasin. Fylkesrådmannen meiner difor at før fylkeskommunen kan konkludere endeleg i saka, bør vi gå i dialog med Musea i Sogn og Fjordane med tanke på å få vurdert ei tilstrekkeleg, men vesentleg rimelegare løysing. Eitt av alternativa som må vurderast i denne samanheng er desentralisert magasinering.

For å kunne få gjort naudsynte vurderingar, vil fylkesrådmannen tilrå at løyvinga til fellesmagasinet førebels vert lagt inn att med eventuell oppstart i 2016 (forskyvd med 1 år). Det bør difor arbeidast vidare med dei økonomiske avklaringane og vurdering av alternative løysingar fram til handsaminga av økonomiplanen for 2017-19 i juni 2015.

Musea i Sogn og Fjordane har bedt om ei avklaring om fylkeskommunen si evne til å bidra i det planlagte prosjektet «Kløften», jf vedlegg 2. Fylkesrådmannen meiner at vi alt no bør signalisere at dette prosjektet er for ambisiøst – sett i høve til den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen.

Tilråding

Finansutvalet ser at musea i Sogn og Fjordane har utfordringar i høve magasinkapasitet, og at dette hemmar dei i arbeidet med samlingsforvaltninga. Musea i Sogn og Fjordane vert difor beden om å kartlegge alternative måtar å løyse magasinfordringa på som kan gje ei rimelegare løysing for fylkeskommunen. Herunder skal eventuell desentralisert magasinering vurderast.

Det vert formidla til Musea i Sogn og Fjordane at prosjektet «Kløften» er for ambisiøst i høve den økonomiske situasjonen fylkeskommunen no er komen i.

I påvente av denne utgreiinga vert løyvingane til fellesmagasin førebels tekne inn att i økonomiplanen med eitt års forskyving.

Investeringsprogram for bygg

Prosj. nr	Faste 2014-kr	SUM I PERIODEN	2015	2016	2017	2018
Forvaltning		45,6	11,4	11,4	11,4	11,4
IT001	IKT-investeringar	16,0	4,0	4,0	4,0	4,0
O2M01	"Miljøprosjekt" - ufordelt	21,6	5,4	5,4	5,4	5,4
EK001	Eigenkapitalinnskot KLP	8,0	2,0	2,0	2,0	2,0
Opplæring		389,9	115,4	145,2	75,0	54,3
OR200	Ombygging/Rehabilitering/Sikring/Brann	71,0	15,0	17,0	19,0	20,0
IU200	Utstyr	52,0	13,0	13,0	13,0	13,0
PC002	PC-ordninga	24,3	5,9	6,6	5,9	5,9
NY001	Konsekvensar av skulebruksplanen - ufordelt	84,8	34,6	27,0	7,8	15,4
NY232	Mo og Jølster - vassforsyning	1,5		1,5		
NY233	Måløy vgs - gangveg	1,5	1,5			
NY224	Sogndal vgs - byggesteg II	127,7	28,4	70,0	29,3	
NY225	Sogndal Idrettshall - rehabilitering	27,0	17,0	10,0		
Tannhelse		16,0	4,0	4,0	4,0	4,0
TA300	Oppgradering av tannklinikkar	16,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Samferdsle		14,1		9,4	4,7	
SA001	Elektronisk billettering	14,1		9,4	4,7	
Kultur		60,9		3,4	20,0	37,5
KU002	Fellesmagasin for musea	60,9		3,4	20,0	37,5
SUM INVESTERINGAR		526,5	130,8	173,4	115,1	107,2

Tilhøyrande finansieringsplan

FINANSIERING	SUM I PERIODEN	2015	2016	2017	2018
Mva	103,6	25,8	34,1	22,6	21,0
Drifts-midlar	29,9	14,6	6,3	4,5	4,5
Buffer-fondet	2,7	0,0	2,7	0,0	0,0
Div ubundne fond	10,9	3,7	0,0	7,2	0,0
Andre tilskot	11,6	2,9	2,9	2,9	2,9
Låne-midlar	367,8	83,8	127,3	77,8	78,8
SUM FINANSIERING	526,5	130,8	173,4	115,1	107,2

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

1.2 FylkesveginvesteringarInvesteringsprogram for fylkesvegar

Prosjekt	2015	2016	2017	2018	Sum 15-18
Store prosjekt	15,1	0,0	0,0	25,0	40,1
Førdepakken	Mva ref.ikkje fordelt på år			25,0	25,0
Fv. 609 Dalsfjordsambandet (slutføring)	5,0				5,0
Fv. 616 Bremangersambandet	3,8				3,8
Fv. 60 Olden-Innvik, parsell Agjeld-Ugla (slutføring)	6,3				6,3
Mindre utbetringar	24,3	27,5	31,6	0,0	83,4
Fv. 243 Aurland-Stegastein (ref.forskot)	4,0	4,0			8,0
Fv. 365 Pilestredet bru	6,2				6,2
Fv. 542 Osstrupen bru	14,1				14,1
Fv. 31 Daløy ferejekai – utbetring		13,3			13,3
Fv. 633 Rasoverbygg Kleiva		10,2	30,7		40,9
Avslutning av diverse prosjekt (ufordelt)	2,0				
Gang- og sykkelvegar	28,3	1,3	1,3	1,3	32,2
Fv. 545 Kinnvegen (slutføring)	27,0				27,0
Fv. 546 Brandsøyvegen	1,3	1,3	1,3	1,3	5,2
Trafikktryggingstiltak	8,0	8,0	8,0	8,0	32,0
Miljø- og servicetiltak	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Kollektivtrafikktiltak	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Planlegging og prosjektering	3,0	1,5	0,8	0,0	5,3
Til fordeling vegsektoren	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
SUM	78,7	38,3	40,8	34,3	192,1

Tilhøyrande finansieringsplan

Finansieringsplan	2015	2016	2017	2018	Sum 15-18
Driftsmidler	16,3	11,8	13,3	7,8	49,2
Refusjon av mva.	13,3	6,0	7,0	1,5	27,8
Fondsmidler	3,0	20,5	20,5		44,0
Lånemidler	46,1				46,1
Førdepakken (lånemidler)				25,0	25,0
Sum	78,7	38,3	40,8	34,3	192,1

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesveggar vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

2 DRIFTSBUDSJETTET – JUSTERINGAR AV BASISRAMMENE**2.1 Kapitalinntekter og -utgifter**

I dette punktet gjer fylkesrådmannen ei vurdering av tilrådde renteføresetnader som vert lagt til grunn for berekning av kapitalinntektene og -utgiftene i planperioden. Deretter vert berekna kapitalinntekter og -utgifter presenterte.

Renteføresetnader

Fylkesrådmannen vil tilrå at rentenivået i planperioden vert fastsett slik:

- *Rentesats på lån*: Noregs Bank si forventa styringsrente ved inngangen av året + 1,00 % - poeng.
- *Rentesats på innskot*: 0,30 % -poeng lægre enn renta på lån.
- *Rentesats på rentekompensasjonsordningane*: 0,1 % -poeng lægre enn renta på lån.

Desse føresetnadane er i samsvar med gjeldande økonomiplan med unntak av rentesatsen på innskot. Denne vert tilrådd justert med 0,2 % poeng. Grunngevinga for dette er at fylkeskommunen det siste året oppnådd rentevilkår som har vore betre enn budsjettert rente. Sjølv om bankane si evne og vilje til å «betale godt» for innskot er dårlegare, har vi framleis grunn til å tru at kan oppnå gode rentevilkår på likviditeten. Ny hovudbankavtale bidrar også positivt for oss i denne samanheng.

Med utgangspunkt i Noregs Bank si gjeldande rentebane og forventa styringsrente pr. 11. september 2014 vert det lagt opp til å nytte slike renteføresetnader i komande planperiode:

	2015	2016	2017	2018
Lånerente	2,45 %	2,50 %	2,75 %	3,15 %
Innskotsrente	2,15 %	2,20 %	2,45 %	2,85 %
Rentekompensasjonsordningar	2,35 %	2,40 %	2,65 %	3,05 %

Med desse renteføresetnadane vil rentenivået reduserast i høve gjeldande økonomiplan. Reduksjonen i lånerenta er på 0,15 % i 2015, 0,7 % i 2016 og heile 0,9 % i 2017. Forventninga om betre innskotsrente gjer at rentenivået aukar i 2015. For åra 2016-2018 vert innskotsrenta noko redusert på grunn av nedjustering av Noregs Bank si rentebane.

Neste rentemøte i Noregs Bank er 18. september 2014. I dette møtet vert det også lagt fram ein ny pengepolitisk rapport. Om det i dette møtet vert vesentlege endringar i styringsrenta og rentebana vil fylkesrådmannen ta omsyn til dette i neste arbeidsdokument.

Tilråding

Rentesats på lån vert sett til 2,45 % i 2015, 2,50 % i 2016, 2,75 % i 2017 og 3,15 % i 2018.

Rentesats på bankinnskot vert føresett 0,30 % lågare enn renta på flytande lån.

Rentesats på rentekompensasjonsordningane vert føresett 0,10 % lågare enn renta på flytande lån.

Renteinntekter

Rentekompensasjon til investering i skulebygg og til transporttiltak

Prognosen for rentekompensasjon vert nedjustert i høve gjeldande økonomiplan. Det er to grunnar til dette, lægre renteprognosar og lågare kompensasjonsgrunnlag. Rentenivåa er vesentleg nedjustert og dette får særleg utslag i åra 2016-18.

Ny prognose for dei to rentekompensasjonsordningane vert vist i tabellen under.

	2015	2016	2017	2018
Rentekomp. for skulebygg, jf nye føresetnader	3,5	3,2	3,1	3,2
Rentekomp. for skulebygg, jf gjeldande øk.plan	3,7	4,1	4,2	4,2
Rentekomp. for transporttiltak, jf nye føresetnader	16,1	16,8	18,3	21,1
Rentekomp. for transporttiltak jf. gjeldande øk. plan	18,3	25,2	32,0	32,0
Sum endring	-2,4	-9,3	-14,8	-11,9

Ordinære renteinntekter

Gjennomsnittslikviditeten har det siste året vorte oppjustert. Erfaringane frå 2014 tilseier at vi no er om lag på budsjettert nivå – ein gjennomsnittslikviditet på 800 mill.kr. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette nivået er noko høgt, og det er grunn til å tru at lægre inntekter framover vil vere med å redusere gjennomsnittslikviditeten. I 2015 vert nivået sett til 750 mill. kr. Fylkesrådmannen legg til grunn gradvis nedtrapping i planperioden slik:

2015: 750 mill. kr
 2016: 700 mill. kr
 2017: 600 mill. kr
 2018: 500 mill. kr

Dei nye renteføresetnadane gjev følgjande utslag på netto budsjetterte renteinntekter i planperioden:

	2015	2016	2017	2018
Ordinære renteinntekter, jf nye føresetnader	14,9	13,7	12,5	11,7
Ordinære renteinntekter, jf gjeldande øk.plan	14,5	15,5	14,6	14,6
Sum endring	0,4	-1,8	-2,1	-2,9

Nokre fond/tilskotsordningar har krav om at renteinntekter på unytta kapital i året skal leggast til fondet/tilskotsordninga. Det vert lagt til grunn ein snittlikviditet på 40 mill. kr på desse fonda i planperioden. Estimerte renteinntekter på denne kapitalen er trekt ut av oppsettet i tabellen over.

Tilråding

Ny prognose for rentekompensasjonsordningane vert innarbeid i det økonomiske opplegget for budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

Det vert føresett ein gjennomsnittslikviditet på 750 mill. kr i 2015, 700 mill. kr i 2016, 600 mill. kr i 2017 og 500 mill. kr i 2018.

Renteinntekter på ein gjennomsnittslikviditet på 40 mill. kr vert reservert til fond der det er krav om tilbakeføring av renteinntekter på ubrukt kapital til fondet.

Ny prognose for netto ordinære renteinntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

Kapitalutgifter

Kapitalutgiftene er berekna utifrå endringane på investeringsporteføljane sett i mot vedteke budsjett. Det er skjedd relativt store endringar, mellom anna er Olden-Innvik teke ut. Det er nytta innarbeidde faktorar for kapitalutgifter, 1/12 og 1/17 for høvesvis bygg- og veginvesteringar. Fylkesrådmannen vil sjå nærare på om faktorane gjev presise estimat ved store svingingar i låneporteføljane. Dette vert vurdert fram mot neste arbeidsdokument. Ut frå gjeldande føresetnader vert kapitalutgiftene i perioden endra slik:

	2015	2016	2017	2018
Kap. utgifter - vedtekne invest. - gjeldande øk. plan	191,7	212,1	226,7	226,7
Endring kap utg. veginvest. jf. nye føresetnader	-4,6	-10,4	-15,2	-18,4
Endring kap utg. bygginvest. jf. nye føresetnader	-3,8	-7,8	-11,3	-14,8
Sum kapitalutgifter jf. nye føresetnader	183,3	193,9	200,2	193,5

Reduksjonen i kapitalutgifter er akkumulerande i perioden som følgje av prosjekt som er tekne ut av investeringsplanen og til dels grunna tidsforskyvingar for nokre prosjekt.

Tilråding:

Nye føresetnader for kapitalutgiftsbelastninga vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2015/økonomiplan 2015-18

2.2 Konesjonskraft

	2015	2016	2017	2018
Budsjett/økonomiplan etter a.dok 3/14	51,9	44,2	37,5	38,7
Ny prognose T2/14	55,2	48,4	44,3	43,0
Endring	3,3	4,2	6,8	4,3

Den nye konesjonskraftprognosen pr. 2. tertial 2014 er basert på marknadsprisar og valutakurs per 3. september 2014. Den tek også utgangspunkt i at volumet som fylkeskommunen disponerer held seg konstant på 373 GWh i heile planperioden.

Prisutvikling

Frå førre rapporteringstidspunkt, T1/14, har prisane på elektrisk kraft betra seg litt i heile planperioden. Vi erfarer at kraftprisane varierer mykje gjennom året. No har vi lagt bak oss ein forholdsvis tørr ver-periode i Sør-Noreg som kan ha påverka prisane oppover.

Volumutvikling

Det kraftvolumet som fylkeskommunen disponerer er avhengig av totalt volum på konesjonskraft som NVE reknar ut, samt kor mykje kommunane tek ut til eige bruk. Det totale volumet som NVE reknar ut, vil stort sett ligge konstant dersom vi ikkje får ny kraftutbygging. Volumet som kommunane nyttar til alminneleg forbruk i sin kommune syner seg å variere noko meir. For dei fem kommunane Luster, Vik, Aurland, Lærdal og Bremanger, har det i snitt vore ein årleg vekst i forbruket på om lag 2,4 % i perioden frå 2011 til 2014. Kor vidt denne veksten i kommunalt forbruk vil fortsette framover, er usikkert.

Vår føresetnad om eit konstant volum i økonomiplanperioden, kan på bakgrunn av ovannevnte vere noko optimistisk. På den andre sida, ligg det ei oppside i litt høgare kraftprisar i haust. Men, med den usikkerheit som ligg både i volum og prisutvikling, meiner fylkesrådmannen at det ikkje

er grunnlag for å justere opp inntektsnivået i økonomiplanperioden no. Med grunnlag i dette tilrår fylkesrådmannen at alt innarbeidd prognose på konsesjonskraftinntektene vert nytta som finansutvalet sitt framlegg i budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

Tilråding

Finansutvalet held på alt innarbeidd prognose for konsesjonskraftinntekter som sitt framlegg i budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

2.3 Tertialrapport 2/14

Konsekvensar av tilrårde vedtak i tertialrapport 2/14 vert innarbeidd slik:

- Tilskot til lærebedrifter vert auka med 1,0 mill. kr årleg
- Budsjettet for fagprøvar vert auka med 1,0 mill. kr årleg
- Fellesutgifter for skulane – lisensavtalar vert auka med 0,1 mill. kr årleg

For nærare omtale vert det vist til tertialrapport 2/14 og tilhøyrande saksframstilling. Denne saka går parallelt med arbeidsdokumentet, og skal vedtakast i fylkestinget i oktober.

Tilråding

Her omtalte tilrårde endringar som følgje av tertialrapport 2/14 vert førebels innarbeidd i budsjett 2015 og tilhøyrande økonomiplan. Tilrådinga vert oppdatert i samsvar med endeleg vedtak i FT.

2.4 EM i vektløfting

Som ei oppfølging av arbeidsdokument 3/14 har fylkesrådmannen innarbeidd løyvinga til EM i vektløfting i budsjetttrammene. Løyvinga er på 1,1 mill. kr, og kan fordelast på åra 2015 og 2016. Utifrå dette legg fylkesrådmannen opp til at det vert løyvd 0,6 mill. kr i 2015 og 0,5 mill. kr i 2016.

Løyvinga er førebels finansiert med 0,3 mill. kr årleg via posten «FU til disposisjon» og reseten mot den samla salderingsutfordringa. Det vil etter dette stå att 0,2 mill. kr/år i åra 2015-16 på «FU til disposisjon».

Tilråding

Løyvinga til EM i vektløfting vert fordelt med 0,6 mill. kr i 2015 0,5 mill. kr i 2016. Løyvinga vert finansiert med 0,3 mill. kr årleg via posten «FU til disposisjon» og resten mot den samla salderingsutfordringa.

2.5 Forsering av innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen

Strukturendringane som følgje av skulebruksplanen vart iverksett frå hausten 2014. Det har vore knytt stor uvisse til dei økonomiske konsekvensane av strukturendringane på kort sikt. Det er difor i gjeldande økonomiplan fram til hausten 2016 berre lagt inn ein reduksjon i budsjettet tilsvarande reduksjon av opplæringstilbodet med to grupper frå hausten 2014 og to grupper frå hausten 2015. Det er ikkje budsjetttert med innsparingar som følgje av strukturendringane før hausten 2016.

I samband med tertialrapport 2/14 er det frå hausten 2014 berekna ei samla årleg innsparing på 7,3 mill. kr som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen. Innsparingane fordeler seg slik på tenester:

Teneste	2015	2016
5100 Utgifter til lokale	-1,7	-0,9
5150 Forvaltning og fellesutgifter	-2,3	-1,3
5200 Pedagogisk leing mv./5210 Utdanningsprogramma	-3,3	-1,8
Sum	-7,3	-4,0

Fylkesrådmannen rår til at budsjettet for 2015 og 2016 (effekten for våren) vert redusert etter fordelinga i tabellen over. Frå hausten 2016 er innsparingskravet knytt til skulebruksplanen innarbeidd i den økonomiske ramma for opplæringssektoren.

Tilråding

Innsparingar som følgje av skulebruksplanen vert fasa inn med 7,3 mill. kr i 2015 og 4,0 mill. kr i 2016 (våreffekt). Opplæring si ramme vert tilsvarende nedjustert. Frå hausten 2015 tek rammene høgde for venta innsparingar.

2.6 Omstillingstiltak for pedagogisk personale

I samband med gjennomføring av skulebruksplanen vart det i 2015 sett av om lag 20,7 mill. kr til omstillingstiltak for pedagogisk personale. Det er stor uvisse knytt til behovet for omstillingsmidlar. Ut frå erfaringa med omstillingsarbeidet i 2014 rår fylkesrådmannen likevel til at løyvinga til omstillingsmidlar i 2015 vert redusert med 9,5 mill. kr. Dette talet byggjer på dei erfaringar vi så langt har gjort.

Tilråding

Budsjetterte omstillingsmidlar i samband med skulebruksplanen vert redusert med 9,5 mill. kr i 2015.

2.7 Samferdsle – auka kostnader med ny ferjekontrakt

I arbeidsdokument 3/14, pkt. 9.1, vart det orientert om prisnivå på ny ferjekontrakt. Pr. i dag er det eitt samband, Daløy – Haldorsneset, som ikkje er utlyst med ny kontrakt. I anbodet var det lagt til grunn ei vidareføring av gjeldande ruteproduksjon samt nasjonal ferjemal i høve til standard og krav til materiell.

Den nye kontrakten skal fasast inn i perioden 2016-2018. Berekningar på ferjekostnadar for åra 2015-2019 syner ein kostnadsvekst på om lag 35,5 mill. kr frå 99,5 mill. kr i 2015 til 135 mill. kr i 2019. I tillegg vil det vere eit investeringsbehov på kaiene på 10 – 15 mill. kr i løpet av 2015-2017. Investeringsbehovet er innarbeidd i investeringsplanen for vegsektoren.

I gjeldande økonomiplan er det alt føreteke ei intern omdisponering innafor sektoren sine rammer for å kunne møte auka ferjekostnadar som følgje av nytt ferjeandbod. Trass i dette vil det nye ferjeandbodet krevje ytterlegare auke i løyvinga til ferjedrift frå 2016 slik:

- 2016: 4,5 mill. kr
- 2017: 14,4 mill. kr
- 2018: 17,0 mill. kr
- 2019: 24,5 mill. kr

Då auken i stor grad skuldast ein generell prisauke på ferjedrift som sektoren ikkje kan påverke, og det at sektoren alt har rydda plass for deler av kostnadsauken innafor eigne rammer, tilrår fylkesrådmannen at samferdslesektoren får styrka si basisramme med 4,5 mill. kr aukande til 24,5 mill. kr i 2019.

Tilråding

Samferdsle si basisramme vert auka med 4,5 mill. kr i 2016, 14,4 mill. kr i 2017, 17 mill. kr i 2018 og 24,5 mill. kr i 2019. Rammeauken er knytt til auka ferjekostnadar i perioden.

2.8 Kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgivaravgift

EU og ESA har endra regelverket for regionalstøtte og i samband med dette måtte regjeringa endre ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift (DAA) med verknad frå 1. juli 2014. Dei største endringane knytt til DAA er at:

- fleire kommunar innafor ordninga med DAA
- fleire sektorunntak, dvs at arbeidsgjevarar innafor desse sektorane ikkje kan nytte DAA.

Regjeringa har innført fleire kompenserande tiltak for å reduserer den negative effekten av avgiftsauken knytt til sektorunntaka.

For fylkeskommunane er det sektorunntaket knytt til produksjon av transporttenester som gjev meirkostnadar. I høve inngåtte kontraktar kan desse ekstrakostnadane for transportselskapa veltast over på fylkeskommunen.

Basert på innspel frå fylkeskommunane har regjeringa estimert at ekstrakostnadane på landsbasis vert om lag 132 mill. kr i 2015. Det endelege kompensasjonsbeløpet, samt vår del av denne, vert først kjent ved framlegg til statsbudsjettet 2015 i oktober.

Regjeringa har uttalt at fylkeskommunane skal få full kompensasjon for sine meirkostnadar som følgje av sektorunntaka. Vi tolkar dette slik at endringane i DAA vert eit «nullsum spel». Fylkesrådmannen har ikkje innarbeidd nokon økonomiske konsekvensar knytt til dette i det økonomiske opplegget så langt.

Tilråding

Det vert føresett at staten dekkjer alle meirkostnadar som følgje av sektorunntaket for differensiert arbeidsgjevaravgift innafor produksjon av transporttenester. Samferdslesektoren får tilført det faktiske beløpet som vert ytt i statstilskot.

3 INNSPEL FRÅ SEKTORANE - OPPFØLGING AV FINU SINE BESTILLINGAR

Den store varsla reduksjonen i framtidige inntekter vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid. Finansutvalet vedtok som følgje av dette å dele den vidare budsjettprosessen opp slik:

Prosess					
Budsjett 2015	Rammer for 2015 i finansutvalet 18.06.2014	Detaljbudsjett 2015 i hovudutvala sept. 14	Slutthandsaming i Fylkestinget des. 14		
Budsjett 2016	Rammer for 2016 i finansutvalet 18.06.2014	Skisse til naudsynte tiltak i hovudutvala sept. 14	Vedtak i Fylkestinget des.14	Ev. utgreiingar og implement. i 2015	
Økonomiplan 2016-19	Prosessvedtak i finansutvalet 18.06.2014	Hovudutvala vert utfordra oktober og november 14	Saldering av økonomiplan – teknisk i FT des. 14	Økonomiplan-arbeid våren 2015	Vedtak i fylkestinget juni 2015

Som ein konsekvens av denne oppdelinga er bestillinga til hovudutvala no i haust todelt;

Til dette møtet i finansutvalet skal hovudutvala vise korleis sektoren på best mogleg måte kan tilpasse seg følgjande rammeutfordringar på kort sikt:

	2015	2016
Forvaltning	-8	-12
Opplæring	-3	-5
Tannhelse	-3	-3
Plan og næring	-3	-5
Kultur	-3	-5
Samferdsle	-24	-84
Sum utgreiingsrammer	44	114

Med bakgrunn i hovudutvala sine framlegg skal finansutvalet i møtet 24. september drøfte den kortsiktige tilpassinga til skisserte rammeutfordringar (2015-2016). Dei administrative tilrådingane i hovudutvalssakene følgjer som vedlegg 3 a-d til dette dokumentet. Hovudutvala sine endelege tilrådingar vert lagt fram i finansutvalsmøtet (hovudutvala har sine møte dagen før finansutvalsmøtet).

Først i slutten av oktober skal hovudutvala kome med framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar på lang sikt. Finansutvalet har fastsett følgjande utgreiingsrammer for sektorane:

	2017-19
Forvaltning	30
Opplæring	88
Tannhelse	11
Plan og næring	11
Kultur	17
Samferdsle	130
Sum utgreiingsrammer	287

Hovudutvala sine framlegg til utgreiingsområde skal først drøftast i finansutvalet 5. november, og skal vedtakast som ein del av budsjettet i desember 2014. Sjølve utgreiingane vert gjort våren 2015, med sikte på å gjere retningsgjevande innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

3.1 HU-sakene -skisser for tilpassing til rammeutfordringane i 2015 og 2016

I dette punktet oppsummerar fylkesrådmannen dei administrative tilrådingane i hovudutvalssakene når det gjeld tilpassing til rammeutfordringane på kort sikt. For nærare gjennomgang av dei enkelte tiltaka vert det vist til dei respektive saksframstillingane til hovudutvala. Desse følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 3. Hovudutvala sine vedtak i sakene vert lagt fram i finansutvalsmøtet. Når det gjeld sektoren plan og næring, vil den administrative tilrådinga bli supplert med eit eige punkt som gjev ei eksplisitt oppstilling av korleis sektoren tilpassar seg rammeutfordringane i 2015/16. Oppstillinga er teken med i tabellen under.

	2015	2016
Opplæring	-3,0	-5,0
Jordbruksskulegardar (ufordelt løyving)	-0,4	-0,4
Tilskot til vaksenopplæringsforbundet (VOFO)	-0,2	-0,2
Spissa idrettstilbod vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar		
Midlar til pedagogisk utviklingsarbeid	-0,5	-0,5
Analyse av elev- og lærlingeundersøking	-0,3	-0,2
Skule- og tilbodsstruktur, Hordalandsavtalen		-1,6
Digital satsing - kompetanseutvikling	-1,0	-1,0
Fagnettverk	-0,2	-0,2
Gratis læremiddel/PC-ordninga	-0,4	-0,9
Plan og næring	-3,0	-5,0
Kommunale næringsfond		-1,7
Innovasjon Norge	-2,3	-2,0
Reiseliv		-0,1
Tettstadforming	-0,7	-0,9
Klima og miljø	-0,1	-0,1
Folkehelse		-0,2
Kultur	-3,0	-5,0
Bokbåten	-0,6	-1,3
Fylkesmusikarordninga	-0,9	-0,9
Kultur og helse	-0,2	-0,5
Den kulturelle skulesekken		-0,1
Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		-0,5
Tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins		-0,1
Kulturmidlar	-0,9	-0,9
Administrasjon - andre kulturaktivitetar	-0,4	-0,7
Samferdsle	-24,0	-84,0
Uføresette hendringar på fylkesvegnettet	-15,0	-15,0
Drift og vedlikehald på fylkesveg	-7,5	-56,4
Ruteproduksjon - buss	-1,5	-7,2
Ruteproduksjon - båt		-3,4
Fylkesvegferjer		-2,0
Sum spesifisert på sektorane med egne hovudutval	-33,0	-99,0
Forvaltning (sjå pkt 3.2)	-8,0	-12,0
Tannhelse (sjå pkt 3.3)	-3,0	-3,0
Sum spesifisert gjennom dette arbeidsdokumentet	-11,0	-15,0
Samla fordelt salderingsutfordring	-44,0	-114,0

Tilråding

Tilrådingane til hovudutvala for sektorane opplæring, plan og næring, kultur og samferdsle vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

3.2 Forvaltning - skisse for tilpassing til rammene for 2015/2016

Dette framlegget byggjer på skissa i arbeidsdokument 3/14 til finansutvalet for denne sektoren. Det er gjort nokre endringar som er turvande etter nye fakta og for å tilpasse framlegget til dei rammene som finansutvalet vedtok. Dei viktigaste endringane er:

- Reduksjonen for administrasjonen er auka med 2,4 mill. kr til 4,9 mill. kr i 2015.
- Reduksjonen for administrasjonen er auka med 1,9 mill. kr til 7,1 mill. kr i 2016.
- Reduksjonen for politisk styring er redusert med 3,6 mill. kr til 7,2 mill. kr i 2016.

	Forvaltning og fellesutgifter	B -14	Red. B-15	Red. B-16
400	Politisk styring	50,9	5,4	7,2
	4000 Utgifter til fylkesting, utval og ordførar	15,0	0,0	1,7
	4003 Partistønad	4,4	1,4	1,4
	4004 Diverse råd og utval	1,5	0,0	0,1
	4005 Til disposisjon for utvala	5,0	4,0	4,0
	4006 Innsparingskrav på sektorane	0,0	0,0	0,0
	4009 Avsett til løns- og prisvekst	25,0	0,0	0,0
410	Kontrollutval	4,4	0,0	0,0
	4100 Kontrollutvalet og revisjon	4,4		
420	Administrasjon	145,8	4,9	7,1
	4200 Administrasjon	*)109,7	1,5	3,6
	4201 Personalretta tiltak	7,3	2,4	2,4
	4204 Tillitsvalde og verneombod	3,3	0,2	0,3
	4205 Interne støtteiningar	25,5	0,8	0,8
421	Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga	7,5	-0,3	-0,3
	4210 Bygg- og eigedomsforvaltning	6,1	0,0	0,0
	4211 Bygg- og bilforsikring	2,0	0,0	0,0
	4212 Utleigebygg	-0,6	-0,3	-0,3
430	Administrasjonslokale	6,3	0	0
	4300 Administrasjonslokale	6,3	0	0
460	Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde	0,7	0,0	0,0
	4606 Diverse tilskot	0,7	0,0	0,0
480	Diverse fellesutgifter	7,0	-2,0	-2,0
	4800 Juridiske honorar mm.	1,3	-2,0	-2,0
	4801 Personalforsikringar	0,9	0,0	0,0
	4802 Folkehelsearbeid	4,8		
SUM		222,6	8,0	12,0

*) Nivået på 420 administrasjonen inkluderer dei delane av sektoradministrasjonen som er ført på dei respektive sektorbudsjetta.

Tala for 2014 viser nettoutgifter i vedteke budsjett for dei einskilde programområda.

Tala for 2015 viser framlegg til reduksjon i høve budsjett 2014.
Tala for 2016 viser framlegg til reduksjon i høve budsjett 2014.

Tekstleg omtale av innhaldet i tabellen

400 Politisk styring

Fylkesutvalet drøfta dette i møte den 18. august og fylgjande vart ført i protokollen under sak 93/14, skriv og meldingar:

«3. Tal representantar i FT og storleiken på partistønaden.
Gruppeleiarane set i gang arbeidet.
Gruppeleiarane ynskjer ei økonomisk vurdering av innsparingane ved redusert tal representantar».

Fylkesrådmannen har utarbeidd slik økonomisk vurdering som er sendt gruppeleiarane som eige notat.

Etter § 7 i kommunelova skal fylkeskommunar som har eit folketal på mindre enn 150 000 innbyggjarar ha eit fylkesting på minst 19 medlemmer. Fylkestinget er i dag på 39 medlemmer.

Etter §8 i kommunelova skal talet på medlemmer vere minst 5 i fylkesutvalet.

Talet på medlemmer i dei 4 hovudutvala vert vedteke av fylkestinget, og det er no 9 medlemmer i kvart utval.

Med grunnlag i rekneskapen for 2013 og rekneskapen så langt i 2014 har vi kalkulert dei gjennomsnittlege utgiftene som er knytt til kvart ordinært medlem for 2014 til:

Utgift i gjennomsnitt pr. medlem i fylkestinget for 2014: 95 000 kr.
Utgift i gjennomsnitt pr. medlem i fylkesutvalet for 2014: 330 000 kr.
Utgift i gjennomsnitt pr. medlem i hovudutvala for 2014: 49 000 kr.

Ein modell basert på 31 medlemmer i fylkestinget, 7 medlemmer i fylkesutvalet og 7 medlemmer i kvart av hovudutvala vil gi ei kalkulert innsparing på om lag 1,8 mill. kr i høve dagens nivå. I dette budsjettframlegget er dette alternativet lagt inn, med ei innsparing på 1,7 mill. kr frå og med 2016. Dersom det vert konkludert med ei anna løysing, etter at gruppeleiarane har avslutta sitt arbeid, må denne løysinga innarbeidast.

Tilskot til dei politiske partia

Fylkestinget vedtok i sak 29/06 Tilskot til dei politiske partia på fylkestinget, ei frivillig ordning med tilskot til dei folkevalde gruppene i fylkestinget (partistønad). Vedtaket i saka lyder:

«Fylkeskommunen skal ha slik ordning med årlege tilskot til dei folkevalde gruppene i fylkestinget:

1. Stemmetøtte som skal ytast med eit likt kronebeløp pr stemme oppnådd ved siste fylkestingval. Grunnstøtte som skal ytast som eit likt kronebeløp til dei partia som ved siste fylkestingval fekk minst 4 % av stemmene i fylket eller som fekk innvald minst ein representant på fylkestinget.
2. Av den samla partistøtta skal 85 % fordelast som stemmetøtte og 15 % som grunnstøtte.
3. Den årlege ramma for tilskota og kronebeløpa vert fastsette av fylkestinget i Årsbudsjettet»

I saksførelegg i fylkestingsaka står det ma.:

«Partilova pålegg ikkje fylkeskommunane plikt til å gi støtte til dei folkevalde gruppene i

fylkestinget. Men dersom det skal givast støtte, så skal støtta givast forholdsmessig etter oppslutnaden ved valet. Fylkestinget må no ta stilling til om ein framleis skal ha ei ordning med støtte til dei folkevalde gruppene i fylkestinget, og kva omfang støtta skal ha. Vidare må det avgjerast om støtta skal bestå av gruppestøtte og representantstøtte som tidlegare, eller som stemmestøtte og grunnstøtte slik ordninga no er for det statlege tilskotet.

Stemmestøtta skal ytast med eit likt kronebeløp pr stemme oppnådd ved siste fylkestingval. Grunnstøtta skal ytast som eit likt kronebeløp til parti som ved siste fylkestingval fekk minst 4 % av stemmene i fylket eller som fekk innvald minst ein representant på fylkestinget. Eg rår til at fylkestinget vel ei ordning med stemmestøtte og grunnstøtte som tilsvarar den statlege ordninga som er fastsett i partilova § 12. Vidare rår eg til at den årlege ramma for tilskota og kronebeløpa vert fastsett av fylkestinget i årsbudsjettet. Det er i budsjett 2006 sett av 2.565.000 mill. kroner til dette.»

Løyvinga i 2014-budsjettet er på 4,4 mill. kr. Det er i dette framlegget lagt inn ein reduksjon på 1,4 mill. kr til 3 mill. kr. frå og med 2015. Ei løyving på 3 mill. kr svarar til løyvinga i 2006 justert opp med veksten i konsumprisindeksen til 2014.

Fylkesrådet for eldre og Fylkesrådet for funksjonshemma er lovpålagde organ, men fylkestinget kan bestemme at det skal vere personsamanfall og samtidige møte i dei to råda. Råda har i dag 5 medlemmer kvar. Fylkesråda disponer i dag til saman 0,24 mill. kr til drift av råda. Gjennomsnittleg kostnad pr. ordinært medlem er kalkulert til om lag 20 000 kr pr. år. Ved oppretting av «felles råd» på 5 medlemmer kan det samla driftsbudsjettet halverast til 0,12 mill. kr. «Felles råd» er lagt inn i dette budsjettframlegget.

Løyvinga til disposisjon for fylkesutvalet og hovudutvala er ikkje lovpålagde. Det er her lagt inn ein reduksjon på 4 mill. kr til ei løyving på 1 mill. kr i 2015.

410 Kontrollutval

Kontrollorgana inngår som ein del av sektoren forvaltning. I tråd med vanleg praksis kjem ikkje fylkesrådmannen med tilråding på dette saksfeltet. Kontrollutvalet vurderer eige tenesteområde. Kostnadane som er lagt inn i tabellen over er derfor utan endringar. Kontrollutvalet si eiga vurdering av budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg.

Slik fylkesrådmannen ser det bør finansutvalet no drøfte det nivået som ligg til Kontrollutvalet. Ev endringar i dette må kome i FT.

420 Administrasjon

Sentraladministrasjonen

Som ein del av utgreiingsarbeidet for å nå dei langsiktige innsparingane for 2017-2019 må dimensjoneringa av sentraladministrasjonen vurderast. Dette vil bli gjort når vi ser kva oppgåveendringar som vert aktuelle på ulike sektornivå. Når dette er avklart i fylkestinget, må administrasjonen tilpassast dei nye oppgåvene og dei nye økonomiske rammene. Inntil dette er avklara, vil fylkesrådmannen halda nokre stillingar vakante for å ha handlingsrom for dei framtidige endringane. Det er difor lagt inn ei innsparing på 1,5 mill. kr. i 2015 auka til 3,6 mill. kr i 2016.

Desse innsparingane kjem i tillegg til den innsparinga som vart vedteken i Budsjett 2014/økonomiplan 2014-17, på høvesvis 2, 4 og 7 mill. kr for åra 2015, 2016 og 2017. Denne var ikkje relatert til reduksjon i oppgåvene.

Personalretta tiltak

Løyvinga til personalretta tiltak utgjer i 2015 7,3 mill. kr og femner om fellestilltak for heile organisasjonen, slik som: Opplæring, leiarutvikling, rekrutteringstiltak, kompetansekartlegging, hospitering, bedriftshelseteneste og trainee-stillingar.

Det er lagt inn ein reduksjon på 2,4 mill. kr i personalretta tiltak i 2015, ned til 4,9 mill. kr.

Reduksjonen er fordelt slik:

Opplærings- og utviklingstiltak vert redusert med 550 000 kr. til 700 000 kr. Løyvinga har vore nytta til leiarutdanning for pedagogar, masterutdanning i kritiske fag og rekruttering av tannlegar.

Leiarutvikling vert redusert med 450 000 kr til 350 000 kr. Dette medfører at det ikkje vert noko særleg omfattande fellestiltak innan leiarutvikling i 2015.

Vidareutdanning for å kvalifisere til auke i stillingsstorleik vert redusert med 250 000 kr til 0 kr. Det har vore liten søknad på desse midlane dei siste åra.

Hospitering vert redusert med 400 000 kr til 200 000 kr. Konsekvensen vert ei strammare prioritering av søknadene og fleire som ikkje får innfridd søknaden. Det var 34 søknader i 2014. Formålet med hospiteringsordninga er å gje arbeidstakarane i fylkeskommunen høve til fagleg fornying og utveksling av erfaring.

Helse/ miljø/ tryggleik vert redusert med 430 000 kr til 200 000 kr. Dei lovpålagde oppgåvene som kurs i arbeidsmiljø vert oppretthaldne.

Bedriftshelsetenesta vert redusert med 334 000 kr til 1 400 000 kr.

Interne støtteiningar

Vedkomande interne støtteiningar er det lagt inn 2 endringar:

For IKT-tenesta er inntektene/overføringane auka med 1 mill. kr. til 6,7 mill. kr. som konsekvens av utvida driftssamarbeid med kommunane i Sogn Regionråd innafor skulesektoren, utviding av drift av trådlause nettverk i kommunane og eit samarbeid om drift av nettet til Subsea utdanninga i Florø.

For innkjøpstenesta er det lagt inn ei auka utgift på 0,2 mill. kr for å finansiere fylkeskommunen sin del (30%) av ny stilling som skal arbeide med innføring og drifting av e-handel saman med kommunane. Kommunane må finansiere resten av utgiftene til stillinga. Dette er eit effektiviseringstiltak som etter kvart vil gi innsparingar ved innkjøp av varer og tenester.

421 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga

Fylkeskommunen eig 10 tenestebustader på Leikanger. Det eine rekkehuset med 4 husvære kan seljast, dette kan gi ei ein netto salsinntekt på 4-6 mill. kr. Netto leigeinntekter vert redusert med 0,3 mill. kr. Denne type inntekter tek vi inn i budsjettet og rekneskapen først når tiltaket er gjennomført.

460 Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde

0,525 mill.kr er årleg tilskot til Fjellvegen AS, Årdal – Luster. 0,150 mill. kr er årleg tilskot til sykkelbyen Førde, og dette fell bort frå og med 2016 og er alt innarbeidd i økonomiplanen.

480 Diverse fellesutgifter

Juridisk honorar omfattar også utgifter til utgreiingar og prosjektarbeid. I den fasen fylkeskommunen no går inn i, meiner fylkesrådmannen at posten må styrkast med (minst) 2,0 mill. kr kvart år i planperioden.

Personalforsikringane er lovpålagde.

Budsjettmidlane knytt til folkehelseområdet er vurdert som ein del av HPN si prioriteringssak.

Skisse (døme) til kva område som kan utgreiast for oppnå innsparingar tilsvarande 30 mill. kr på lengre sikt (2017-2019) for sektoren forvaltning inklusive avdelingsadministrasjonane

1. Når det er avklart i fylkestinget kva oppgåveendringar som vert aktuelle på sektornivå, vert det utgreidd korleis administrasjonen vert tilpassa til dei nye oppgåvene og dei nye økonomiske rammene.
2. Utgreie organiseringa av ikt- driftstenestene retta mot institusjonane/brukarane med sikte på ei samla meir effektiv organisering.
3. Utgreie organiseringa av løn- og rekneskapsfunksjonen i heile fylkeskommunen med sikte på få ei samla meir effektiv organisering.
4. Utarbeide nye reinhaldsrutinar for fylkeskommunen sine bygningar.

Tilråding

Fylkesrådmannen sine tilrådingar til reduksjonstiltak i 2015/2016 for sektoren forvaltning vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

3.3 Tannhelse – skisse for tilpassing til rammene for 2015 og 2016

Tannhelsesektoren disponerer eit netto budsjett på om lag 80 mill. kr/år i åra 2015-18. Finansutvalet slutta seg i arbeidsdokument 3/14 til at sektoren skulle konkretisere innsparingstiltak på 3,0 mill. kr samla for 2015 og 2016. I samband med utgreiingsramma på 11 mill. kr fram til 2019 vart det bestilt ein gjennomgang av strukturen for heile tannhelsesektoren. Utgreiingstiltaka for åra 2017-19 vert arbeidd med framover og omtala seinare i budsjettprosessen.

Tannhelsetenesta har to programområde 660 - fellesfunksjonar og 665 - pasientbehandling. Programområde 660 er knytt til administrative fellesfunksjonar for tannhelsetenesta, drift av elektronisk pasientjournal, medlemsavgift i Norsk HelseNett (NHN) og personalutvikling.

Programområde 665 omfattar utgifter til drift av tannklinikkar samt utgifter til service og drift av teknisk utstyr på tannklinikane.

Budsjett 2015 og 2016

Budsjett 2015 er – ut frå erfaringstal – satt opp med eit snitt på 3 vakante tannlegestillingar som kjem i tillegg til innsparingstiltaka på 3,0 mill. kr.

Føreslegne innsparingar er tenkt vidareført til 2016. Tiltaka er reversible, men kan og inngå i utgreiingsramma på 11 mill. kr til 2019. Det er uproblematisk å reversere tiltaka på eit seinare tidspunkt. Tiltaka er lista opp under programområde.

Programområde 600 Fellesfunksjonar

Seie opp husleigeavtalar

Tannklinikane Olden og Hornindal har avtalar som kan seiast opp fom 1.1.2015. Pasientar får behandling ved Stryn tannklinikk. Samla innsparing 0,120 mill. kr.

Reduksjon felles personaltiltak

Redusere rammer for gjennomføring av personalsamling i tannhelsetenesta. Samla innsparing 0,100 mill. kr.

Reduksjon fellesutgifter

Redusere utgifter til reise og kurs for alle klinikkar og administrasjon med 0,070 mill. kr.

Programområde 665 pasientbehandling

Halde stillingar vakante ved naturleg avgang

2,4 tannlegestillingar vil bli vakante i løpet av 2015. Desse stillingane kan haldast vakante. Dei prioriterte pasientane får tilbod ved sin vanlege tannklinikk gjennom ambulering frå naboklinikkar. Med fråtrekk for inntening, reiseutgifter for pasientar og utgifter til ambulering frå andre klinikkar er innsparingspotensialet for 2015 0,720 mill. kr.

0,5 tannpleiarstilling og 0,8 tannhelsesekretær er vakant frå 1.1.2015. Samla innsparing 0,590 mill. kr.

Redusert vedlikehald

I samband med utgreiing av framtidig struktur i tannhelsetenesta vert vedlikehaldet på små klinikkar halde på eit minimum. Dette er vedlikehald på utstyr, inventar og bygg som kan utsetjast utan at det får store konsekvensar for drift. Samla innsparing 0,200 mill. kr.

Auke klinisk produksjon

Redusere tid som går med til utadretta verksemd og utføre meir arbeid på pasientar. Dette vil kunne auke innteninga i tannhelsetenesta. Samla innsparing 0,100 mill. kr.

Reduksjon personaltiltak

Endring i bruk av kursmidlar. Reduserer ordninga med kursmidlar i tannhelsetenesta slik at midlane ikkje lenger er personlege, men blir lagt klinikkvis. Samla innsparing årleg på 0,300 mill. kr.

Takstauke

Auke takstane for behandling av betalande pasientar 5 % utover normal prisstigning (3,5 %) frå 1.1.2015. Fylkesutvalet fekk i sak 106/13 ei orientering om takstar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane. Gjennomgangen synte at takstane til private tannlegar låg 9-36 % over offentlege takstar. Ved å justere takstane opp vil framleis offentlig takst vere lågare enn eit gjennomsnitt av private takstar. Det er teke høgde for redusert inntening grunna vakansar. Samla innsparing kr 0,800 mill. kr.

Tilpassing til rammer i 2015 og 2016 vert oppsummert i følgjande tabell:

Innsparingstiltak	mill. kr
Programområde 660 – fellesfunksjonar	
Seie opp husleigeavtalar	0,120
Redusert vedlikehald	0,200
Endring bruk av kursmidlar	0,070
Programområde 665 –pasientbehandling	
Naturleg avgang - halde stillingar vakante	1,310
Auke klinisk produksjon	0,100
Reduksjon personaltiltak	0,400
Takstauke 5% % per 1.1.2015	0,800
Innsparing totalt	3,000

I arbeidsdokument 3-14 vart det føreslege ei mogleg innsparing ved å fjerne dekking av skyssutgifter for prioritert klientell. Innsparinga var då på kort sikt berekna til 0,4 mill. kr. Med ein eventuell ny klinikkstruktur med færre tannklinikkar får prioriterte pasientar lenger reiseveg. Med meir sentralisert klinikkstruktur kan det på lang sikt bli større innsparingar. Refusjon av skyssutgifter vert vurdert samstundes som tannhelsetenesta ser på ny struktur.

Når det gjeld kontraktar og avtalar med eksterne partar for tannhelsetenesta gjeld dette stort sett husleigeavtalar. Fylkeskommunen leiger for ein stor del lokale til tannklinikkar hjå private eller kommunar. Nokre få av klinikkane er i dag i sjølvleigde lokale. Arbeidet med å kartlegge desse avtalane er godt i gang og vil bli brukt i det vidare arbeidet med strukturendring.

Tilråding

Fylkesrådmannen sine tilrådingar til reduksjonstiltak i 2015/2016 for tannhelsesektoren vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

4 ANDRE SAKER

4.1 Inntektssystemet

I arbeidsdokument 3/14 gjorde fylkesrådmannen greie for dei økonomiske verknadane av nytt inntektssystem. Gjennomgangen viste at nytt inntektssystem gjev ein vesentleg rammereduksjon for Sogn og Fjordane. I kroner pr. innbyggjar er Oslo, Vestfold og Rogaland som dei store vinnarane, medan Troms, Nordland og Sogn og Fjordane er dei store taparane.

Vidare arbeid fram mot framlegg til statsbudsjett 2015

Regjeringa seier sjølv dei skal kome attende til båt/ferjenøkkelen i statsbudsjettet. I tillegg har stortinget pålagt dei å sjå nærare på problematikken knytt til NSB og til ferjeavløysingsmidlane.

Vidare har fleire av partia i fylkesutvalet fått i stand møte med sentrale stortingspolitikarar. Fylkesrådmannen har her fått høve til å setje søkelys på dei – etter vårt syn – urimelege utslaga av nytt inntektssystem og kva verknader dette får for vår fylkeskommune.

Det er til no gjennomført møte med Frp, V og Krf. Partia sine representantar i kommunalkomiteen deltok på møta. Frå Krf møtte partileiaren i tillegg.

Fredag 19. september er det avtalt møte med Ap. Her møter partiet sin fraksjonsleiar i kommunalkomiteen og partileiaren.

Eit mål med møta er/har vore å få ei forståing for at utslaga av nytt inntektssystem må dempast ved å nytte ordninga med ein tapskompensasjon meir aktivt. Eit eksempel på presentasjonane som har vore nytta i desse møta følgjer som vedlegg 4.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om arbeidet i høve endringar i nytt inntektssystem til orientering.

4.2 Omstillingsprosjektet – SFJ 2019

Fylkesrådmannen har funne det naudsynt å opprette eit eige prosjekt for det administrative omstillingsarbeidet som fylkeskommunen startar no i haust. Prosjektet har fått namnet SFJ 2019 og er meint å vere eit rammeverk for å halde naudsynt oversikt over og framdrift i det utgreiings- og gjennomføringsarbeidet vi står føre dei næraste åra. I samband med dette har fylkesrådmannen utarbeidd ein eigen prosjektplan der roller og oppgåver i arbeidet vert definert, og der det vidare vert gjeve rammer for relasjonar og kommunikasjon mellom den administrative leiinga og det politiske nivået, dei tilsette, eksterne samarbeidspartar, media og andre. Det er ein grunnleggande føresetnad at dette arbeidet til ei kvar tid skjer innanfor gjeldande politiske vedtak og føringar.

Informasjonsverdi og kommunikasjonsbehov både i organisasjonen og eksternt vert vurdert ved kvar aktivitet. Fylkesrådmannen legg opp til at prosjektplanar knytte både til omstillingsprosjektet og delprosjekt vert gjort tilgjengelege og haldne løpande oppdaterte.

Gjennom strukturerte, opne prosessar og ein felles innsats for gode langsiktige løysingar, er fylkesrådmannen sin ambisjon at vi skal kunne innfri målsettinga om å levere høg kvalitet på alle prioriterte tenester i Sogn og Fjordane fylkeskommune også i framtida.

Prosjektplanen er eit administrativt dokument, men vert her lagt fram for finansutvalet til orientering, jf. vedlegg 5.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om det administrative omstillingsprosjektet til orientering.

4.3 Investeringar i samband med skulebruksplanen – svar på «bestilling»

I arbeidsdokument 3/14 bestilte finansutvalet ei eiga sak til fylkestinget i oktober med sikte på å få avklart om det er aktuelt å gjennomføre dei tilpassingane som fylkesrådmannen skisserte i samband med investeringar knytt til skulebruksplanvedtaket.

Med bakgrunn i dette ligg det no føre ei eiga sak til fylkestinget i oktober. Fylkesrådmannen tilrår her at planlagde investeringar knytt til skulebruksplanen vert nedjustert med samla kr 141 mill. kr i økonomiplanperioden.

Målet med nedjusteringa er å sikre at arealbehov og investeringar vert rett dimensjonert ved eit eventuelt nytt vedtak om endringar i skulestrukturen. Det er viktig å vere merksam på at vi i dag ikkje kjenner behovet for investeringar som følgje av eventuelt nye vurderingar omkring framtidig skulestruktur. Det må av den grunn takast med i vurderingane at endringar uansett vil krevje investeringar og at dei midlane som no er tekne ut kjem – heilt eller delvis - inn att seinare.

Endringane som følgje av tilrådinga i denne saka er ikkje tekne inn i det førebelse investeringsprogrammet.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om FT-saka tilrådde endringar i investeringane som følgje av skulebruksplanen til orientering. Eventuelle endringar i investeringsprogrammet for bygg vert å innarbeide i etterkant av fylkestinget si handsaming av saka.

4.4 Omdisponering innafor opplæringsramma - teknisk endring

Som oppfølging av HO-sak 08/14 *Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2014-2015* vart den økonomiske ramma for tilskot til lærebedrifter, i arbeidsdokument 2/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet, styrkt med 4,2 mill. kr øyremerka vg3 i skule. Etter Kostra skal kostnader knytte til opplæring i skule (inkl. vg3 i skule) først på utdanningsprogramma. Fylkesrådmannen tilrår difor at dei øyremerkete midlane vert flytta til utdanningsprogramma.

Tilråding

Det vert flytta 4,2 mill. kr årleg frå «tilskot til lærebedrifter» til «utdanningsprogramma». Midlane vert øyremerka opplæring i skule.

4.5 Formidlingssenter på tusenårsstaden Gulatinget

I dette prosjektet er kommunen sin del av finansieringa på plass. I finansutvalet sitt møte 18.juni vart det spurt om det er eit krav at fylkeskommunen er med på finansieringssida for at staten skal stille opp. Dette spørsmålet er avklara med staten. Det er ikkje eit krav at fylkeskommunen skal vere inne som finansieringspart i desse bygga. Departementet legg vekt på prosjektet/søknaden sin kvalitet, at prosjektet er fullfinansiert og elles oppfyller dei krav som er sett til denne typen bygg/søknader (nasjonale kulturbygg). Staten sitt bidrag i finansieringa vil vere inntil ein tredjedel av godkjent søknadssum. Ut frå dette kan t.d. Gulen kommune ta over dette prosjektet og arbeide vidare med å sjå om det er mogleg å fullfinansiere dette gjennom private midlar og tilskot frå staten.

Tilråding

Det vert opna for Gulen kommune kan gå vidare med prosjektet «Formidlingssenter på tusenårsstaden Gulatinget» utan fylkeskommunal deltaking.

4.6 Oppfølging av ikkje off. pkt i arbeidsdokument 3/14

I vedlegg 6 vert det gjort kort greie for oppfølginga av dei ikkje off. bestillingane frå finansutvalet 18.06.14. Vedlegget er unnateke offentlegheit.

4.7 Høyangertunnelen – vidare prosess

Fylkesrådmannen orienterte i arbeidsdokument 3/14 om at anbudsprosessen knytt til utbetringar av Høyangertunnelen var stoppa.

Det vert lagt fram ei eiga sak til fylkestinget i oktober om utbetring av Høyangertunnelen. Fylkesrådmannen si tilråding i saka er å utbetre tunnelen innafor ei kostnadsramme på 170 mill. 2014-kr. Tunnellen skal då utbetrast slik at krava i den statlege tunnelforskrifta vert stetta, sjølv om denne ikkje gjeld for tunnelar på fylkesvegnettet. Ei slik løysing vil frigje 50 mill. kr i høve opprinneleg alternativ. Desse midlane bør nyttast til å avdempe verknaden av naudsynt reduksjon i drift- og vedlikehaldsposten dei næraste åra.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om tilrådd løysing for utbetringa av Høyangertunnelen til vitande. Frigjort kapital skal nyttast til å avdempe verknaden av naudsynt reduksjon i drift- og vedlikehaldsposten dei næraste åra.

4.8 Ny bruforskrift

Samferdsledepartementet har no fastsett ei ny forskrift knytt til bygging og vedlikehald av bruer, ferjekaier og andre berande konstruksjonar på fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen har utarbeidd ei eiga sak om dette til samferdsleutvalet og fylkesutvalet. Eit av punkta i tilrådinga er at det vert kravd kompensasjon for eventuelle meirkostnadar som følgje krava i den nye forskrifta.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om ny bruforskrift til vitande.

4.9 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett/økonomiplan

I KU-sak 35/14 handsama Kontrollutvalet framlegg til eige budsjett 2015/økonomiplan 2015-18. Sekretariatsleiar si saksframstilling og særutskrift av vedtaket følgjer som vedlegg 7.

I nemnde saksutgreiing står det m.a.:

«Ut frå eit kontrollsynspunkt er det naturleg å vurdere risikoen for at feil oppstår i den fylkeskommunal forvaltninga til å bli høgare når eit lågare inntektsnivå skal ligge til grunn for å få utført same oppgåver som tidlegare. Det er vidare naturleg å vurdere auka kontrollinnsats når risikoen vert høgare. Det er med andre ord ikkje naturleg å redusere kontrollinnsatsen når risikoen aukar som følgje av innsparingar i forvaltninga.»

På kort sikt (2015) går Kontrollutvalet inn for ei innsparing i budsjett 2015 på 0,124 mill. kr i høve gjeldande ramme. Innsparingstiltaka vert vurdert som kortsiktig tilpassing.

Leiaren for kontrollutvalet er invitert til møtet i finansutvalet 24. september.

Tilråding

Finansutvalet tek innspela frå kontrollutvalet til vitande. Dei økonomiske konsekvensane av budsjetttilrådinga vert å innarbeide i framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

4.10 Innspel frå råda

Budsjettinnspela frå fylkesrådet for funksjonshemma og fylkesrådet for eldre følgjer som vedlegg 8 og 9.

Tilråding

Finansutvalet tek innspela frå fylkesrådet for funksjonshemma og fylkesrådet for eldre til orientering.

5 FØREBELS SALDERINGSUTFORDRING

	2015	2016	2017	2018
Ubalanse etter a.dok 3	43,6	113,7	174,1	189,2
Fordeling av salderingsutfordring i samsvar med A-dok 3:				
Opplæring, jf. pkt. 3.1	-3,0	-5,0		
Plan og næring, jf. pkt. 3.1	-3,0	-5,0		
Kultur, jf. pkt. 3.1	-3,0	-5,0		
Samferdsle, jf. pkt. 3.1	-24,0	-84,0		
Forvaltning, jf. pkt. 3.2	-8,0	-12,0		
Tannhelse jf. pkt. 3.3	-3,0	-3,0		
Vurderingar i a.dok 4:				
Rammeendringar som følgje av tertialrapport 2/14				
Opplæring - auka løyving til lisensavtalar	0,1	0,1	0,1	0,1
Opplæring - auka løyving til opplæring i bedrift	1,0	1,0	1,0	1,0
Opplæring - auka løyving til fagprøver	1,0	1,0	1,0	1,0
Endring i renteinntekter	-0,4	1,8	2,1	2,9
Endring i renteinntekter - rentekompensasjon	2,4	9,3	14,8	11,9
Endring i kapitalutgifter	-8,4	-18,2	-26,5	-33,2
EM i vektøfting - løyving utover FU til disp.	0,3	0,2		
Opplæring - red.løyving - forsering av innsparingstiltak	-7,3	-4,0		
Opplæring - red. løyving til omstillingstiltak - skulebruksplan	-9,5			
Samferdsle - auka løyving til ferjedrift - nytt anbod		4,5	14,4	17,0
Ubalanse etter a.dok 4	-21,2	-4,6	181,0	189,9

Førebels salderingstabell syner at vi - medrekna førebels fordeling av salderingsutfordringa - er komen i eit lite «pluss» for 2015 og 2016.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at ein høvesvis stor del av den kortsiktige salderingsutfordringa er lagt på samferdsleramma. Grunngevinga for dette er at vegvedlikehaldet er mogleg å redusere på kort sikt. Fylkesrådmannen meiner difor den positive salderingsbalansen i åra 2015 og 2016 må sjåast i samanheng med at samferdsleramma førebels er redusert med høvesvis 24 mill. kr og 84 mill. kr desse to åra.

6 VIDARE ARBEID

Statsbudsjettet vert i år lagt fram 8. oktober. Datoen er samanfallande med utsendingsdatoen for neste arbeidsdokument.

Fylkesrådmannen finn det difor mest tenleg at det ikkje vert utarbeida ordinært arbeidsdokument til dette møtet, men at det vert gjeve ein kort informasjon om verknadane av statsbudsjettet i etterkant av fylkestinget 14. oktober.

Neste ordinære møte i finansutvalet vil vere 5. november – då skal finansutvalet etter planen legge fram eit saldert budsjett for 2015/16 og ta stilling til kva område som skal vidare utgreiast i samband med økonomiplanarbeidet for 2017-19.

Til dette møtet vil det føreligge nye tilrådingar frå hovudutvala. I tillegg inviterer fylkesordføraren fylkesutvalet til å ta stilling til om det skal opnast for at ulike interessegrupper/aktørar får kome med innspel til budsjettprosessen på ein eigen «politikardag» den 4. november. Finansutvalet vil i så fall ha med desse innspela òg før endeleg saldering av framlegg til budsjett/økonomiplan.

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Eli Nes Killingrød
økonomisjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Offentleg møteprotokoll frå finansutvalet 18.6.2014
2. Brev frå Musea i SFJ – realisering av fellesmagasin/ prosjektet «Kløften»
3. Saksframlegga til hovudutvala sine budsjettsaker
 - a. Hovudutvalet for kultur
 - b. Hovudutvalet for opplæring
 - c. Hovudutvalet for plan og næring
 - d. Hovudutvalet for samferdsle
4. Presentasjon nytta i møte med sentrale stortingspolitikarar
5. Prosjektplan – Omstillingsprosjektet SFJ 2019
6. Oppfølging av ikkje offentlege punkt i arbeidsdokument 3/14 – **ikkje off.**, jf. off.lova § 23
7. Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett/økonomiplan – saksframstilling og særutskrift av vedtak
8. Budsjettinnspel frå fylkesrådet for funksjonshemma
9. Budsjettinnspel frå fylkesrådet for eldre

Kopi til:

Fylkestinget
Fylkesrådmannen si leiargruppe
Budsjettgruppa

Oppsummering av fylkesrådmannen sine tilrådingar i dette dokumentet:

1 INVESTERINGSBUDSJETTET

1.1 Bygginvesteringar

Årleg kapitalinnskot til KLP på 2 mill. kr vert innarbeidd i investeringsplanen for åra 2015-18. Investeringa vert finansiert med eksisterande driftsmidlar til investering. Investeringa medfører eit årleg auka låneopptak 2 mill. kr for investeringsporteføljen elles.

Finansutvalet ser at musea i Sogn og Fjordane har utfordringar i høve magasinkapasitet, og at dette hemmar dei i arbeidet med samlingsforvaltninga. Musea i Sogn og Fjordane vert difor beden om å kartlegge alternative måtar å løyse magasinfordringa på som kan gje ei rimelegare løysing for fylkeskommunen. Herunder skal eventuell desentralisert magasinering vurderast.

Det vert formidla til Musea i Sogn og Fjordane at prosjektet «Kløften» er for ambisiøst i høve den økonomiske situasjonen fylkeskommunen no er komen i.

I påvente av denne utgreiinga vert løyvingane til fellesmagasin førebels tekne inn att i økonomiplanen med eitt års forskyving.

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

1.2 Fylkesveginvesteringar

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesvegar vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

2 DRIFTSBUDSJETTET – JUSTERINGAR AV BASISRAMMENE

2.1 Kapitalinntekter og -utgifter

Rentesats på lån vert sett til 2,45 % i 2015, 2,50 % i 2016, 2,75 % i 2017 og 3,15 % i 2018.

Rentesats på bankinnskot vert føreset 0,30 % lågare enn renta på flytande lån.

Rentesats på rentekompensasjonsordningane vert føreset 0,10 % lågare enn renta på flytande lån.

Ny prognose for rentekompensasjonsordningane vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

Det vert føreset ein gjennomsnittslikviditet på 750 mill. kr i 2015, 700 mill. kr i 2016, 600 mill. kr i 2017 og 500 mill. kr i 2018.

Renteinntekter på ein gjennomsnittslikviditet på 40 mill. kr vert reservert til fond der det er krav om tilbakeføring av renteinntekter på ubrukt kapital til fondet.

Ny prognose for netto ordinære renteinntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

Nye føresetnader for kapitalutgiftsbelastninga vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2015/økonomiplan 2015-18

2.2 Konesjonskraft

Finansutvalet held på alt innarbeidd prognose for konesjonskraftinntekter som sitt framlegg i budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

2.3 Tertialrapport 2/14

Her omtalte tilrådde endringar som følgje av tertialrapport 2/14 vert førebels innarbeidd i budsjett 2015 og tilhøyrande økonomiplan. Tilrådinga vert oppdatert i samsvar med endeleg vedtak i FT.

2.4 EM i vektløfting

Løyvinga til EM i vektløfting vert fordelt med 0,6 mill. kr i 2015 0,5 mill. kr i 2016. Løyvinga vert finansiert med 0,3 mill. kr årleg via posten «FU til disposisjon» og resten mot den samla salderingsutfordringa.

2.5 Forsering av innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen

Innsparingar som følgje av skulebruksplanen vert fasa inn med 7,3 mill. kr i 2015 og 4,0 mill. kr i 2016 (våreffekt). Opplæring si ramme vert tilsvarande nedjustert. Frå hausten 2015 tek rammene høgde for venta innsparingar.

2.6 Omstillingstiltak for pedagogisk personale

Budsjetterte omstillingsmidlar i samband med skulebruksplanen vert redusert med 9,5 mill. kr i 2015.

2.7 Samferdsle – auka kostnader med ny ferjekontrakt

Samferdsle si basisramme vert auka med 4,5 mill. kr i 2016, 14,4 mill. kr i 2017, 17 mill. kr i 2018 og 24,5 mill. kr i 2019. Rammeauken er knytt til auka ferjekostnader i perioden.

2.8 Kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgivaravgift

Det vert føresett at staten dekkjer alle meirkostnader som følgje av sektorunntaket for differensiert arbeidsgjevaravgift innafor produksjon av transporttenester. Samferdslesektoren får tilført det faktiske beløpet som vert ytt i statstilskot.

3 INNSPEL FRÅ SEKTORANE - OPPFØLGING AV FINU SINE BESTILLINGAR

3.1 HU-sakene – skisse for tilpassing til rammene for 2015/2016

Tilrådingane til hovudutvala for sektorane opplæring, plan og næring, kultur og samferdsle vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

3.2 Forvaltning - skisse for tilpassing til rammene for 2015/2016

Fylkesrådmannen sine tilrådingar til reduksjonstiltak i 2015/2016 for sektoren forvaltning vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

3.3 Tannhelse – skisse for tilpassing til rammene for 2015 og 2016

Fylkesrådmannen sine tilrådingar til reduksjonstiltak i 2015/2016 for tannhelsesektoren vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

4 ANDRE SAKER

4.1 Inntektssystemet

Finansutvalet tek orienteringa om arbeidet i høve endringar i nytt inntektssystem til orientering.

4.2 Omstillingsprosjektet – SFJ 2019

Finansutvalet tek orienteringa om det administrative omstillingsprosjektet til orientering.

4.3 Investeringar i samband med skulebruksplanen – svar på «bestilling»

Finansutvalet tek orienteringa om FT-saka tilrådde endringar i investeringane som følgje av skulebruksplanen til orientering. Eventuelle endringar i investeringsprogrammet for bygg vert å innarbeide i etterkant av fylkestinget si handsaming av saka.

4.4 Omdisponering innafor opplæringsramma - teknisk endring

Det vert flytta 4,2 mill. kr årleg frå «tilskot til lærebedrifter» til «utdanningsprogramma». Midlane vert øyremerka opplæring i skule.

4.5 Formidlingssenter på tusenårsstaden Gulatinget

Det vert opna for Gulen kommune kan gå vidare med prosjektet «Formidlingssenter på tusenårsstaden Gulatinget» utan fylkeskommunal deltaking.

4.6 Oppfølging av ikkje off. pkt i arbeidsdokument 3/14

4.7 Høyangertunnelen – vidare prosess

Finansutvalet tek orienteringa om tilrådd løysing for utbetringa av Høyangertunnelen til vitande. Frigjort kapital skal nyttast til å avdempe verknaden av naudsynt reduksjon i drift- og vedlikeholdsposten dei næraste åra.

4.8 Ny bruforskrift

Finansutvalet tek orienteringa om ny bruforskrift til vitande.

4.9 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett/økonomiplan

Finansutvalet tek innspela frå kontrollutvalet til vitande. Dei økonomiske konsekvensane av budsjett-tilrådinga vert å innarbeide i framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

4.10 Innspel frå råda

Finansutvalet tek innspela frå fylkesrådet for funksjonshemma og fylkesrådet for eldre til orientering.